




Statens vegvesen



Siv.Ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7b
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2010/229988-014

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.10.2012

Reguleringsplan gnr. 27 bnr. 12 Kvalheim øvre i Radøy kommune

Vi viser til Dykkar brev vedrørende ovannemnde sak og til møte mellom Radøy kommune og Statens vegvesen 28.09.12.

Statens vegvesen stadfester med dette at det er eit krav frå vår side at ein regulerer inn areal der Fv 404 hp 50 frå Fløholmen as til kryss på Fv 414 er med, samt tilhøyrande areal til fortau.

Som vi tidlegare har gjort greie for er det naudsynt å ta med denne vegbiten med tilhøyrande areal til fortau for å kunne sikre effektiv ferdsle på vegen og trafikktryggleiken på staden, spesielt for mjuke trafikantar. I området er det køyring til og frå bedrifta og eigedomane på strekninga. I tillegg er det i området eit mykje brukt friluftsområde som generer både biltrafikk og trafikk av mjuke trafikantar. Med verksemda på Fløholmen og ei framtidig båthamn vil dette også vere med på å auke trafikken på vegen. Rikspolitiske retningsliner for arealplanlegging legg til grunn at ein skal fremme ein arealplanlegging som tek omsyn til trafikktryggleik, effektiv ferdsle og miljø. Det er difor viktig at dette også vert gjort ved reguleringsplanen for Fløholmen, der plangrepet er å regulere inn vegen med areal til fortau for å sikre trafikktryggleiken for framtida..

Ut i frå dette kan ein anten velje å regulere i samsvar med vårt krav og dermed sende planen med nytt framlegg til Radøy kommune. Dersom ein i motsett fall ikkje ønskjer å ta inn vårt krav om regulering av fylkesvegen med areal til fortau, kan kommunen ikkje godkjenne planen. Neste steg vil då vere at han vert sendt Fylkesmannen for endeleg vurdering.

Når det gjeld bruk av motsegn så er det heimla i Plan og bygningslova §§ 5-4 til 5-6. Med bakgrunn i Rikspolitiske retningsliner for arealplanlegging ser vi at det i denne saka er trong for å etablere eit trafikksikkert miljø, noko som er eit nasjonalt mål for vegnettet vårt, jfr § 5-4.

Vedlagt ligg kopi av notat frå møte mellom Radøy kommune og Statens vegvesen 28.09.12

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Radøy kommune